

# TAKELUREN

Hvori opptatt

"Eink Raude", "Stu saman", "Kommunist" og "Takeprat".

- leder s 2
- ei framtid for partiarbeid i Telemark? s 3
- fagleg arbeid - bortkasta arbeid i ei  
krisetid? s 4
- innkalling til fagleg konferanse 13-14/3 s 5

Etter en lang dvaletilstand har vi fått internavisa på beina igjen. Dersom vi skal klare å komme noen vei her i fylket, trenger vi et eget debattorgan. Det er nok av lokale og almenne saker å diskutere:

- skal vi engasjere oss i Nei til atomvåpen her i fylket?
- er vi i ferd med å bli et "tillitsmannsparti" uten noen kommunistisk profil eller massegrunnlag ute på arbeidsplassene?
- hvordan skal vi forberede kommunestyrevalget? Hvordan takler vi forholdet mellom parti og RV?
- sosialismedebatten - ikke minst her bør flest mulig engasjere seg.

Synes du navnet på avisa er idiotisk? Tja - er det ikke ganske karakteristisk for tilstanden? Uklar kurs og mye tåkeprat? Redaksjonen syntes det gamle navnet "kommunist" var direkte fantasiløst, og inntil noen kommer med et godt forslag med tilknytning til fylket, blir avisa hetende "Tåkeprat". Send inn forslag!

Avisa blir sendt ut med hver rutine. Innlegg som blir levert rutina blir med i avisa som blir levert med neste rutine. Men forutsetninga for at avisa ikke går i hi igjen er at vi får innlegg - kom igjen!



## EI FRAMTID FOR PARTIARBEIDET I TELEMARK?

Årsmøtet i DS Telemark i fjor konkluderte med at i den situasjonen partiet står i nå, så vil og må vi legge svært nøkterne planer, og legge ambisjonsnivået slik at vi kan bli i stand til å løyse dei oppgåvene vi stiller oss. I dette låg eigentleg erkjenninga av at partiet var svekka og at vi ikkje ville vere i stand til å gjere noko med alle dei områda som vi burde ha gjort.

Utviklinga etter årsmøtet har vore litt forskjellig, medlemstalet har gått noko meire nedover, ein del avdelingar har tatt opp og auka aktiviteten, og har kome i gong med eit visst planmessig eksternt arbeid, samtidig er det klart at enkelte avdelingar står handlingslamme, fordi dei ikkje har klart å definere kva oppgåver dei skal gå i gang med, og fordi dei framleis er desillusjonerte etter sosialismediskusjonen og den antagonistiske forma som utvikla seg i debatten. Klassekampenarbeidet er jevnt dårleg, og fører berre ein bestemt veg, dersom vi ikkje greier å snu utviklinga. I tillegg til alt dette er det eit prekert behov blant alle til å ta fatt på marxistiske studier for å konsolidere oss ideologisk, slik at vi kan bli i stand til å utvikle revolusjonær politikk på mange ulike felter. Samtidig som vi har mange uløyste spørsmål omkring sosialismen, så har vi eit skrikande behov for å propagandere mot kapitalismen og for sosialismen, heile vår berettigelse er eigentleg bygd opp omkring dette.

I eit bilete av skjerpna klassekamp i Norge, rasering av arbeidsplassar, nedbygging av sosiale goder som vi ser det her i Telemark, og den internasjonale situasjonen med Polen, Afghanistan, Tyrkia og El Salvador så gjør dette prioriteringa i planene våre svært vånsekeleg. Med dei minka ressursene vi har, så må det bety at enkelte områder blir liggjande nede. Studiearbeidet, å konsolidere partiet politisk og organisatorisk, vil vere høgst priorotert ein periode framover, distriktsstyret vil arrangere ein studiekonferanse og ta kontakt med avdelingane for å diskutere og planlegge korleis dette skal gjerast. Enkelte har reagert mot dette, og meiner at ei satsing på studier er eit bevisst utspel frå SK si side for å tre ønskelege konklusjonar ned over hovuda på medlemmene. Det vi treng å diskutere er masselina, vert det sagt.

Vi vil avvise ein slik kritikk som uttrykk for ein opportunistisk haldning, der det ikkje er politikken og innhaldet som er avgjerande for kva vi meiner, men det som til einkvar tid er stemninga ute i massene. Samtidig er dette også eit uttrykk for ein frustrasjon over at partiet og bevegelsen vår er liten, og går seint framover.

DS og DSAU har ved årsmøtet i fjor tatt på seg ansvaret for å leie distriktet. Det har og kjem framleis mykje rettmessig kritikk på dette at rutinene har svikta, at vi ikke har halde kontakt en med avdelingane, og at rettleiinga og hjelpa til desse har vore liten. Spesielt har dette gått ut over avdelingane utanfor Grenland.

Vi har lagt planer og driv å bygger opp rutiner der vi kan gjere dette bedre. Er det noko vi treng i fylket så er det å knytte partiet saman så vi verkeleg blir ein organisatorisk eining. Alt dette viser eigentleg at dei problemene som finst i avdelingane også eksisterer i DS, ressursene er begrensa og oppgavene så altfor mange til at vi kan klare alle. Men vi har insett at vi treng å priorotert annleis, for forta det som det til sjuande og sist gjeld er demokratiet i fylkespartiet, trugas dendå har verkeleg rotningsprosessen begy it.

S ■■■ S ■■■.

## FAGLEG ARBEID - BORTKASTA ARBEID I ET KRISETID ?

Inne i mellom alt mørke og passivitet som rår parti-arbeidet i Grenland for tida, så har det faglege arbeidet blitt framheva, og det med rette, som eit lyspunkt. Her har våre faglege medlemmar klart å halde oppe aktiviteten, og innflytelsen vår er større enn han nokon gong har vore. Eg kan berre nemne stikkord som Herøya, Rafnes, Kommunale foreiningar og Samorg i Porsgrunn. Om vi ikkje har gjort foreiningane til kampforeiningar, så har vi i alle fall vunne tillit blant mange fagorganiserte og blir møtt med respekt på ein heilt annan måte enn før i vår fagpolitiske pubertetsstid.

Men, eg meiner det nå er på tide å stoppe opp og sjå kvar vi står. Oppsummere om den "lina" vi har følgd hittil har vore rett, og også bør vere fagpolitisk rettesnor i framtida. Det eg meiner er eigentleg at partiavdelingane har mista all kontroll over kva som skjer, dersom dei nokon gong har hatt det, og at det er den einskilde tillitsvalde som har blitt overlatt å utforme politikken i dei forskjellige fagforeiningane. I dette ligg det at det har utvikla seg ei mengde feilaktige liner, og også ei slags linjeløyse, dvs at tillitsvervet i seg sjøl er overordna politikken. Til dømes vil eg meine at det er bortkasta at kommunistar sit i eit verv og berre gjer det som ein kven som helst annan kunne gjort like godt og kanskje bedre. For vi sit vel ikkje i desse verva berre for å tilfredsstille våre eigne interesser, dvs drive med det vi likar. Slik sett ville eg mykje heller sjå desse kreftene brukt på andre område der partiet hadde hatt meire bruk for ein innsats, til dømes RV.

Grovt rekna så vil eg karakterisere den faglegpolitikken som har blitt drive av våre faglege tillitsmenn som ein god sosialdemokratisk politikk. Den kan best kjenneteiknast som ein rein og svært snever politikk med stor uvilje til å ta opp alt anna enn det som gjeld "oss fagorganiserte". Kor mange tok til dømes opp støtte til dei streikande i Polen, støtte til Nylandarbeidarane, og kampen mot lønsreguleringslova til regjeringa for å gå litt lenger tilbake i tida. I tillegg går kommunistar hen og anbefalar lønsoppgjeret. Den venstrelinja som rådde då vinvtrødde våre barnesteg har blitt avløyst av ei ny høgreline.

Så faglege kader og faglegavdelingar, la oss sjå kva vi vil med dette arbeidet vi driver. Og la oss starte debatten før vi har blitt så prega av det apparatet vi arbeider i, at vi einast på den høgreline eg har advart mot her.

G [REDACTED]

Artikkelen kom til red. okt. 1980



INNKALLING TIL FAGLIG KONFERANSE 13. og 14. MARS

ALLE FAGLIGE TILLITSMENN/KVINNER OG ANDRE INTERESSERTE INVITERES TIL Å DELTA PÅ KONFERANSE OM FAGLIG POLITIKK. KONFERANSEN BLIR I PORSGRUNN. OPPMØTE LØRDAG KL 1030 PORSGRUNN JERNBANESTASJON DERSOM IKKE ANNEN BESKJED BLIR GITT. REISEFORDELING OG INNKVARTERING ORDNES.

TEMA: LØRDAG: TARIFFOPPGJØRET OG DEN NYE TAKTISKE SITUASJONEN.

SØNDAG: HVORDAN STYRKE DEN KOMMUNISTISKE PROFILEN I FAGFORENING SARBEIDET?

Studier: Alle bør ha gått igjennom disse studiene før konferansen .

LENIN: UTVALGTE VERKER BIND 2: "HVA MÅ GJØRES?"

— KAP II A OG B (s.38-53 i okt. utg.)

+KAP III E : ARBEIDERKLASSEN SOM KJEMPENDE FORTROPP FOR SOSIALDEMOKRATIET (LES KOMMUNISMEN) (s. 90-107)

VIDERE ANBEFALES:

KAP IV FOR DE SOM HAR TID.

Lenin understreker gang på gang at kommunistisk bevissthet ikke oppstår utfra arbeiderklassens økonomiske kamp, men må tilføres klassen utenfra. Er dette en gyldig læresetning i dag? Hvilke konsekvenser får dette i så fall for vårt arbeid på arbeidsplassene?

MAO: NOEN SPØRSMÅL VEDRØRENDE METODER FOR LEDELSE.

— s 210 i ettbindsutgava. S 114-119 i BIND III serien.

Er metoder med tredeling av massene brukt i vårt fagforeningsarbeid?

HAR DERE TID SÅ KIKK IGJENNOM PARTIETS PRINSIPPROGRAM <sup>OM</sup> PARTIET OG FAGBEVEGELSEN.

BB

Faint, illegible text at the top of the page, possibly a header or introductory paragraph.

Second block of faint, illegible text, continuing the document's content.

Third block of faint, illegible text, appearing as a separate section or paragraph.

Fourth block of faint, illegible text, located in the lower middle section of the page.

Fifth block of faint, illegible text, positioned near the bottom of the main content area.